





*Arthur Westbø, født 11.05.1945 døde frå oss 28.10.2015  
Gravferd Fredag 06.11.2015 kl 13:00 Herøy Kyrkje - Fosnavåg*

*Arthur vart født i Hyllestad kommune – Sogn og Fjordane, oppvaksen i Førde og kom som tolvåring til Fosnavåg.*

*Her slo han rot og stifta familie. Saman med si Kjære Astrid fekk dei borna, Mariann, Jan Ove og Janita.*

*Seinar kom det mange svigerbarn, barebarn og oldebarn.*

*I 1980 bygde dei seg hus i Bergslia, men etter å ha mista taket eit par gonger, på grunn av uvær, fann dei ut at dei skulle flytte ut att i Mallabakken til barndomsheimen til Astrid.*

*Heimen Deira var alltid open for besøkande, som kjende seg retteleg velkomne. Her kunne ein kome både i glede og i sorg, og både Arthur og Astrid viste omsorg og medkjensle med dei besøkande.*

*Arthur utdanna seg som lærar på Idrettshøgskulen i Oslo, og arbeidde ei stund som lærar i skuleverket. Men Arthur var ein aktiv og kreativ person som stadig søkte nye utfordringar.*

*Som føregangsmann og pioner var han med på å starte opp sikkerhetsopplæring for fiskarar.*

*Seinare vart det sikkerhetsopplæring for oljearbeidarar, og eg er sikker på at mange av dykk har vore innom sikkerhetskursa til Arthur.*

*I 1991 vart Arthur Hotelldirektør og kort tid etter Asyl-General. Hans arbeid med asylmottaket i Ura, sette sine sterke spor, og det vart knytta solide, og livslange vennsksbånd.*

*Arthur Westø slutta si yrkesaktive karriere som sikkerhets og HMS konsulent for Neptun Offshore.*

*I 2001 budde eg i Brasil, og heime på visitt hos Arthur og Astrid kunne han fortelle meg at han hadde fått kreft, og antagelig hadde mindre enn 3 år igjenn å leve i følge legane. Men så lo han litt, det hadde jo skjdd før at legane hadde tatt feil om sånne ting før.*

*Det viste det seg at dei gjorde når det gjaldt Arthur.*

*Med eit livsmot og livslyst, rulla han seg ein røyk og la nye planar for*



*framtida. Han hadde så mykje han skulle ha gjort her i livet.*

*Arthur Westbø har vore alpha og omega for Fosnavåg Bridgeklubb. Heil sidan han som 12 åring kom til Fosnavåg, til årets NM for lag, har Arthus stått på som bridgelærar, bridgespelar og han har innehatt alle moglege verv i Fosnavåg Bridgeklubb og i Sunnmøre Bridgekrets. Karrieren som bridgespelar vart i sommar krona med kapteinsvervet på Fosnavåg Bridgekrets sitt lag i NM lag finalen, som Arthur som største pådrivar hadde fått lagt til Thon Hotell Fosnavåg i tidsromet 28. mai til 30.mai i år.*

*Eg vart kjent med Arthur tidleg på 1970 talet, då var han primus motor for det som eg trur var det første VM i UV jakt. Tilreisande dykkerar frå Finland, Sverige, Danmark og Tyskland, i tillegg til mange norske dykkarar, vart effektivt leda av Arthur og hans stab.*

*For meg har Arthur vore min beste kompis og venn. I smått og stort har han vore der for meg, støtta og oppmuntra. Vi har utveksla tankar om alt mellom himmel og jord, ikkje alltid har vi vore einige, men alltid har respekten for kvarandre vore retningsgevande. 14 gode år fekk du å leve, sjølv om legen trudde på 3. Ikkje ein einaste gong har eg høyrte deg klage over livet desse 14 åra, sjølv om cellegifta kunne ri deg som ei mare.*

*Litt bedre enn i går sa du alltid når eg spurde korleis det gjekk med deg. I haust har vi for alvor insett kva veg sjukdomen bar, men jammen greidde du ikkje å få oppleve din barndoms tumleplass ein siste gong, spise selbiff og oppleve å ha Astrid, barn og svigerbarn rundt deg. Desse som du sette aller høgst i livet ditt.*

*Kontrakta var 7 Grand, og den vart spelt med klare tankar og logikk. Ditt livsverk er til ende og det er fullkomment.*

*Kvål i fred Arthur Westbø - Min Venn.*

*Med helsing Olav H Kvalsvik*